

# STEIN

**Jærbuen er steingalen. Galen på Stein, galen etter Stein, avhengig av Stein. Det ser ein av desse utdragene frå opningstalen til Målfrid Snørteland. Ho styrer stokk og Stein i det nye Jærmuseet på Nærø i Hå kommune:**

«Med tolmod og seig viljestyrke - og med draum om grønkande kulturbalte og mogne åkrar - har jærbuen slast mot steinen, og med steinen. Brote Stein or jorda og lødd steingardar og steinskuter på husa til vern mot ver og vind.  
(...)

I dag kan det vera rimeleg å sjå litt tilbake, stoppa ved nokre milesteinar, eller grunnsteinar, i museet si historie - så langt.


Og - her på Jæren var det vel ikkje uventa at det og var ein «Stein» som la den første grunnsteinen til dette prosjektet:

Kjære Stein (Sægrov) - då du i 1970-åra var drivkrafta bak eit tettare samarbeid med lokalmusea på Jæren og peika på

dei store utfordringane som kvilte på denne regionen når det galdt å dokumentera den landbruksteknologiske utviklinga i Norge.

Likevel må me innrømme at arbeidet til tider og har vore prega av andre velkjende gjeremål i landbruket - som det «å bera staur»; Desse staurane var det kanskje du Nils (Njå) som måtte bala mest med, og rikka laus dei tyngste steinane, då du som museet sin fyrste styreforman tok fatt på arbeidet med å gi Jærmuseet ein fast tilhaldsplass og eit ansikt ut mot publikum.

Med usvikeleg tru på at steinen på Jæren kunne bli til kulturbygg med sjel og identitet, tok du på deg oppgåva med å overbevisa politikarar og folk på Jæren



*Jærmuseet: I ti år har museet vore huslaust, men no står bygningen der, som på huk i jærlandskapet. Han er teikna av arkitektane Helliesen, Hallgren og Wåge, og kosta nær 20 millionar kroner. Det meste har jærkommunane og Rogaland Fylkeskommune skrangla saman, men det lokale næringslivet har òg gjeve nær tre millionar kroner.*

om at fortida og er ein nødvendig ressurs og kapital for framtida.

Det er ikkje få timer du Jone (Vadla) har brukt på politikarar og bedriftsleiarar rundt om på Jæren. Men med stort på-gangsmot og kløkt fekk du dei siste (byggje)steinane på plass – og litt til.  
(...)

Ikkje veit eg om du (ordførar Tobias Skretting) og tenkte på museumsarbeidet då du skreiv diktet «Heime på Jæren»,

men eg tillet meg å låne nokre strofer derifrå for å opp summera historia så langt:

«Jorda var rå og full av stein  
og våren var kald og sein.  
Men vona slo rot og vona vaks,  
frå år til år vart det fleire aks». Men ennå er ikkje sluttsteinen lagt for dette prosjektet. Dette er berre begynnelsen».

*Tekst og foto: Johan Brox*



*Med BrevGiro kan du betale regningene dine når du likevel er ute en tur.*

Nå kan du betale regningene dine på vei til eller fra jobben, på kvelds- eller morgenturen – og helt uavhengig av om banken er åpen. Alt du trenger er en BrevGiro-avtale, og den kan du tegne hos oss. I løpet av et par uker kan du begynne å betale regningene når det passer deg best! Ja – for en postkasse finnes det vel i nærheten av der du bor?

**GRUE**   
**spareBANK**